

Prosjektet: "BLEST" i Vangsgata på Vossevangen, pr. januar 2008

Bakgrunn for prosjektet

Initiativ og ønske frå Kommunal- og regionaldepartementet om å fylgja opp Voss Kommune som hadde det "gryteferdige prosjektet": "FARGAR FOR ARKITEKTUR" – delprosjekt Voss, fargeplan for Vangsgata.

Organisering med arbeidsgrupe

Mette L'orange – arkitekt og biletkunstnar-fagleg konsulent

Vossevangen Huseigarlag: Olaug Hamre, Knut Sæten, Per Helleve

Voss kommune: Olav Bjørke, Mette Matthiessen Sellevold, Najla Zagorcic, Zehra Causevic, Stefan Karlstrøm

Forankring, administrasjon og politisk

Reguleringsplan for Vossevangen godkjent i 2003, Miljøgateprosjektet til 22 mill gjennomført i 2003-2007, Estetiske retningslinjer frå 2000 og vedtekt for skilt og reklameinnretningar i Voss kommune frå 2007.

Planar og regelverk vedtekne med stort fleirtal av Voss kommunestyre etter tilråding frå administrasjonen Oppfyljing av Fylkeskommunen med tilskot frå programmet for Regional utvikling – Tettstadutvikling.

Målsetting

Vangsgata skal bli kjent for harmonisk fargesetting basert på tilpassa fargebruk frå gjenreisingstida.

Det skal bli trivleg for fastbuande og tilreisande å opphalda seg i sentrum, folk skal få lyst til å bu og vera på Voss; "BLEST" – Bolyst og engasjement i små byar og tettstadar

Gjennomføring av fargeprosjektet skal vert prikken over i-en, etter ein lang periode med istandsetting av Vangsgata for å heva miljøstandarden i Voss sentrum som regionsenter.

Tiltak

Fargesetting etter fargeplanen, - fagleg godt gjennomført etter kurs for kompetanseheving

Skiltopprydding, - gjennomgang av fasadedetaljar og skilting godkjent etter ny vedtekt

Kanskje ombygging av nokre få baldakinar som er lite heldig tilpassa i gatebildet

Tidsplan inkl. milepæler/hovedaktiviteter

Farge på fasadane mot Vangsgata, Torget og Hestavangen innan november 2008.

Istandsetting, grunnarbeid, maling m.v. frå april til november 2008, – veke 14 - 42

Viktige aktører, samarbeidspartar

Vossevangen huseigarlag, huseigarane, Voss Sentrum, Husbanken region Sør og region Vest,

Fylkeskommunen, lokale arkitektar, murarfirma, malarfirma

Finansiering

1 mill i tilskot frå KRD/Husbanken + tilsvarande frå huseigarane som eigenkapital. Vi vil også søkja Hordaland fylkeskommune om regionalt tilskot.

Medverknad

Samarbeid mellom Voss kommune, Huseigarlaget og Voss Sentrum (forretningsdrivande sin organisasjon), etter kvart også samarbeid og medverknad frå kvar enkelt huseigar.

3 beste grep i prosessen

1. At kommunen har innleia eit konstruktivt samarbeid med huseigarlaget.
2. At arbeidsgruppa vil byggja på tidlegare fargeplan og fagleg rapport frå "Fargar for arkitektur"
3. At grensene for støtte ikkje vert oppfatta for snevert slik at vi kan tilpassa for best mogleg resultat.

3 feiltrinn

Nett starta opp prosjektet, ingen feiltrinn som er verdt å nemna, til no.

Utfordringar framover:

Å "selja" prosjektet som positivt for huseigarar/ forretningsdrivarar

Å få det til og å ha det kjekt!